



# VEG I VEST

BEDRIFTSAVIS FOR STATENS VEGVESEN, HORDALAND





**NR. 1/2 - 1985.**  
**ÅRG. 9**

**REDAKTØR:**  
Torbjørn Opdal

**REDAKSJONSRÅD:**  
Josef Martinsen  
Ragnhild Øverland Arnesen  
Gudrun Caspersen  
Oddbjørn Lynghammer  
Sigve Martinsen  
Per S. Myhren

Opplag: 2.500

Lay-out og sats:  
A/S Kvinnheringen  
Husnes  
Trykk:  
Haugesund Bok & Offset  
Haugesund

Ettertrykk tillatt  
— med kildeangivelse

## INNHOLD:

Eit krafttak må til .....	3
Hordalandsvegfolk med ærefullt oppdrag .....	4
Eirik Vedeler Lie til minne .....	6
Dispensasjonane: .....	7
AMU-synfaring .....	8
Færre dødsofre i Hordalandstrafikken i år .....	9
Norsk Vegplan 1986-89 .....	10
EDB i maskindrifta .....	10
Informasjon frå administrasjonsseksjonen/ Vegdirektoratet .....	11
Stipend 1985 .....	12
Kantklipping .....	12
Lærlinger i vegarbeidsdriften .....	12
Ny tunnellastar til Hordaland .....	13
Nye hånbøker frå Vegdirektoratet .....	13
Vi intervjuar: maskinsjef Lars Kleppe .....	14
Auka kapasitet og betre tilbod på ferjene .....	15
Oljeutbygging gir billigere veg .....	16
Flytebro over Salhusfjorden .....	17
RV 7 over Hardangervidda — en spennende veg .....	18
EDB i biltilsynet .....	20
Landmålingsinstrumenter til utviklingsland .....	21
Rapport fra Fløyfjellet: «Madammen» i rute .....	22
Personalplanleggingsprosjektet .....	25
Sykkelgruppa trår til — også i år .....	26
Ros til vegvesenet .....	27
Fordeling av velferdsmidlane for 1985 .....	28
Ikke øl, men champagne — da «Madammen» kom ut .....	28
Personalnytt .....	29
Oppfinnsame trafikantar .....	29
Omfattande arbeidsprogram for 1985 — 1986 .....	30
Leiarar og leiarskap .....	30
Veganlegg åpnet 1. halvår 1985 .....	31
Nye tillitsmenn i Hordaveg BIL .....	31
Voss veg- og biltilsynsstasjon opna .....	32
Stor dag for Bergen — og for vegvesenet! .....	33
Nye vegar mot aust .....	36
Suksess for Vallaviktunnelen og ferjesambandet Bruravik — Brimnes .....	39
Bompenger — ikke noe nytt fenomen .....	39

*Foto på framsida:  
Fra åpningen av Nordre Innfartsåre. Foto: E. Grønsdal.*

*Foto på baksida:  
Parti frå vegen mellom Odda og Utne. Foto: T. Opdal*

Vi er no komne halvvegs inn i driftsåret 1985, og det synast noko seint å ta for seg driftsresultatet og røynsler frå 1984. Analyser av driftsresultatane er forlengst utført ved vegkontoret. Eg trur likevel det kan vera nytig å ta opp ein del sentrale problemstillingar for drifta, resultattal for 1984 og arbeidsprogram for driftsåra 85/86.

AV DRIFTSSJEF JANN B. JENSEN



# Eit krafttak må til!

## Jamnt godt arbeidsår i 1984

— Eit krafttak må til i eigendrifta i 85 for å halde stillinga i høve entreprenørdrift.

### Avkjørsler — raskere avgjerd

Av dei saksområda vi særleg har arbeidd med dei siste åra, er behandling av søknad om avkjørsle/dispensasjon frå byggegrensene eit av dei viktigaste. Dette saksområdet er heilt omorganisert, og dette ser ut til å gje resultat. Eisaksbehandlingstid på 3–6 månader var ikkje akseptabel, og det er svært gledeleg å registrera at

ifolge kvartalsrapport for 1. kvartal 1985 frå vedlikeholdsavdelinga er saksbehandlingstida for første-gangssaker redusert til 3 månader, alt etter kor vanskeleg saka er. Målsetjinga er 6 veker i snitt.

### Betre kvalitetskontroll

Kvalitetskontroll i drifta, eigenregi og entreprise, er og eit særskilt område. Av ymse årsaker, som

t.d. sysselsetjinga i indre Hardanger, makta vi ikkje i fjar å setja av dei naudsynte ressursar til dette arbeidet. Det medførte mindre framdrift enn planlagt, særleg for drift i eigen regi. Utviklinga for 1985 ser betre ut, og det er god von om at målsetjinga i kvalitetsplanen langt på veg blir oppfylt. Kvalitetsplanen for 1985 omfattar 23 anlegg.

### Betre utnytting av ressursane

Prøveprosjektet vedk. økonomistyring i vedlikehaldet er og ei sak som vil få mykje å seia for drifta i eigen regi i årta frametter. Maktar vi ikkje å samla resursane våre i felles kamp for eit klart mål: *Eit mest mogleg tenleg vegnett for brukarane*; og gjera dette ved optimal utnytting av dei disponibele ressursane, er det fåre for at vi kan bli spela ut over sidelinna av andre aktuelle alternativ for vedlikehald av vegnettet. Førebels har prosjektet gjeve oss ein god del av både idéar og matnyttig resultat, men det går for seint, og betre kommunikasjon og arbeidsdeling mellom de ymse nivå, m.a. arbeidarar/oppsyn, må drøftast. Frå og med 1985 vil også maskinavdelinga og anleggsavdelinga koma med i prosjektet.

Ragnhild Øverland Arnesen har teke permisjon frå stillinga som informasjonskonsulent og redaktør av Veg i Vest.

RØA har gjeve bedriftsavisa eit moderne og lesarvennleg preg, noko som det må vera den nye redaktøren si oppgåve å følgja opp. Det vert og ei oppgåve å verka til at utgivinga vert meir regelbunden og presis enn tilfellet har vore i den siste tida. Dette har med arbeidskapasitet og prioritering av oppgåvene å gjera. Tida er ein knapp ressurs, og slik stoda er i vegvesenet for tida, har bladet vorte skadelidande.

Eg som no har teke over redaktøransvaret, har dette arbeidsområdet ved sida av jobben på maskinavdelinga. Tida vil vise kor godt ein slik kombinasjon av arbeidsfelt vil fungera. Ein bedriftsavis lyt vere til stades «kor ting skjer» og gjeva eit mest mogleg variert og komplett bilet av mangfaldet i vegvesenet sine aktivitetar. Redaktøren er i stor mon avhengig av tips og vink om det som skjer ute i drifta. Eg vil difor oppmoda **alle** som meiner at det skjer noko av interesse på arbeidsstaden deira — og det vil eg tru dei fleste meiner — om å gje meg eit ord, og helst i god tid.

Helsing

Torbjørn Opedal

Gråsteinsmurane vert kunsthandverk:



**At gamle vegbyggingstradisjonar er ein del av kulturen vår, er det nok mange som vil ha vanskar med å godta. Likevel, vi har gode tradisjonar å verne om, sjølv om utviklinga mot nye og stadig meir teknifiserte metodar går raskt. Så har det også synt seg at gode, gamle byggjemetodar kan sameinast med den mest moderne anleggsverksemda vi driv, som vi t.d. kan sjå tydelege prov på langs heile Nordre innfartsåre, som vert opna i desse dagar. Og nett dette er truleg årsaka til at nokre av våre folk for alvor markerer seg i kulturell samanheng denne sommaren.**

#### **«Tørrmuringens Monument»**

«Tørrmuringens Monument» vert det kalla, det prosjektet som brørne Arvid og Birger Reigstad har vore med på å bygge opp framfor ei stor utstilling som vert arrangert på Henie-Onstad Kunstsenter på


Høvikodden i Oslo frå 23. juni. Tanken bak utstillinga er å trekke fram handverk som ser ut til å vera

Arvid og Birger Reigstad har bygd «Tørrmuringens Monument» til Henie-Onstad-senterets utstilling i sommer...

*Arvid Reigstad i arbeid. Steinen må veljas og passas til med omhu.*



*Ein pust i bakken. Frå venstre: Bård Breivik, Arvid Reigstad, Birger Reigstad og Kjæll Næss, Bærum Kommune.*



iferd med å verta gløymd, og kunstnaren *Bård Breivik* har vald å nytte tørrmuring i ulike variantar som sin kunstnarlege uttrykksform. For å få hjelp til å utføre dette, vende han seg til Hordaland vegkontor, som openbert har vekt oppsiktidetsistens når det gjeld bruken av gråsteinsmurar. Her hadde Arvid og Birger Reigstad gjort unna det meste av det omfattande tørrmuringsarbeidet dei har hatt på anlegget mellom Amalie Skrams veg og Øyjorden, (sjå Veg i Vest nr. 2, 1984) og dei fekk dermed oppdraget, som må seiast å vera ærefullt både for dei to og for vegvesenet generelt.

Arvid Reigstad er 43 år og har drive med dette handverket i Vegvesenet i omlag 2 år. Brøren Birger, som er 46 år har halde på noko lenger.

#### **Tradisjon i Hordaland**

Ikkje berre har det vore mange positive reaksjonar på arbeidet som er utført på Nordre innfartsåre, men det burde også vera kjend at vegvesenet i Hordaland, med tidlegare overingeniør Johan Sørensen i spissen, har lagt mykje arbeid i å halde på og nytte den gamle byggjemetoden, som både er særstak miljøvenleg, og som ofte fell mykje rimeliggjørere enn betong-

muring. Av denne grunn fall det også naturleg at Johan Sørensen har følgd med i arbeidet på Høvikodden.

## «Nordiske» materiale

For øvrig har kunstnarar frå kvart av dei fem nordiske landa arbeidd med «nordiske» materiale, som stein, jord og tre, og meiningsa er å syne fram ein nordisk tradisjon. Kunstsenteret syner og bruken av tørrmuring med tradisjonar i bygging av vegar og hus, slik at vegvesenet sitt arbeid og handverk blir sett inn som ein naturleg del av kulturen vår og vist i eit noko anna lys enn det som er vanleg.

## Vanskeleg materiale

Gamle vegarbeidarar som kjenner dette handverket vil nok spørje seg korleis ein kan få skikkeleg stein å arbeida med der inne i hovudstaden. Kva slags materiale ein har til rådvelde er nemleg heilt avgjerande både for korleis steinen vert å arbeida med og for resultatet.

På førehand var det avtala med Franzefoss Bruk at dei skulle leve re brukande stein, og dessutan var det høve til å få stein frå brudd i Larvik om det var naudsynt. Men det syntte seg at tilgongen på brukande stein er mykje dårlegare enn hos oss. Det er gneis som vert nytta, og eit problem med han er at han sprekk i alle retningar, så dei



På Nordre innfartsåre gjev murane liv til det moderne trafikkanlegget.

kan ikkje kilbore han slik som til dømes i Helleveien. Kvar stein i muren må meislast til for hand. Dette er både eit tungt og presjonskrevjande arbeid som tek si tid. Men resultatet vart svært vel-lukka tykte vi då vi vitja «kunstnara» på Høvikodden.

Det var og mykje lovord å høyra frå forbipasserande om arbeidet som karane frå Hordaland utførde. Austpå er dei svært imponert over dette handverksarbeidet — som ikkje «berre» er eit handverk —

kunsten er like mykje det å kunna «lesa» ein stein, det å kunna sjå at nett her passer denne steinen inn.

Maskiner vart stilt til rådvelde av Bærum kommune, og gravemaskinkøyryr Kjell Næss frå teknisk etat var med karane på heile jobben, som skulle vera ferdig til St. Hans, då utstillinga skulle opnast.

## — til Dovre fell....

— Det er vel første gongen i historia at steinmurane har vorte sett på som kunstverk, og vi ser sjølv sagt ei stor utfordring i denne jobben. Det er fint å sjå at tørrmuringa no vert verdsett.

Vi høyrer ofte at det er ein alt for tidkrevjande og dyr byggjemåte, men murane er miljøvenlege og sterke, og dei står til Dovre fell, peika Arvid og Birger Reigstad på i eit intervju med avis Nordhordland tidlegare i vår.

Vi kan berre slutte oss til det og gratulere dei to og vegvesenet med ei oppgåve vi trur alle har grunn til å vera stolte av!

Røa/To

Handmeisla stein — tungt og presjonskrevende, men vakkert.



# Eirik Vedeler Lie til minne



Brått og uventa fekk vi melding om at Eirik Vedeler Lie var død 23. april. Etter å ha vore i arbeid på kontoret mandag 22. april reiste han om ettermiddagen til Røldal for å møte vegfolk fra Telemark og saman med dei tilrettelegge det vidare vedlikehaldsopplegget for heilårsvegen over Haukelifjell.

Etter at vi hadde sett han frisk og opplagt på kontoret dagen før, var det eit sjokk å få melding om at han var gått bort.

Eirik Vedeler Lie tok til å arbeide på Hordaland vegkontor etter at han var ferdig med utdanninga ved NTH i oktober 1952. Dei første åra hadde han ymse oppgåver, men tidleg kom han inn i arbeidet med vedlikehald av vegar. Tid-

leg i 60-åra var han 2 år i Vegdirektoratet, der han arbeide med asfaltkontrakter og andre oppgåver ved vedlikehaldskontoret.

Etter omorganisering ved vegkontoret blei Eirik Vedeler Lie vedlikehaldssjef då han kom tilbake frå Vegdirektoratet i 1963. Han har hatt stor innverknad på vedlikehald av riks- og fylkesvegane i fylket dei siste 30 åra. Han var sterkt interessert i alt som skjedde, og gjekk med stor kraft inn for positive tiltak i vår etat. Spesielt er det grunn til å nemne hans store innsats for å få lagt fast dekke på alle riks- og fylkesvegar i fylket. Han var også svært oppteke av gode framkomsttilhøve på vegnettet. Han hadde m.a.a. mykje av æra for at Rv. 7 over Hardangervidda blei halden open sist vinter.

Eg har hatt glede av å dele kontor med Eirik Vedeler Lie i fleire år, og vi hadde ikkje ein kjedeleg dag. Hans mange innfall og gode humør smitta over på oss andre. Han hadde ein sunn humor, ein god replikk og hadde lett for å komme i kontakt med alle han møtte.

Vi i vegvesenet i Hordaland vil savne Eirik Vedeler Lie, og vi tek del i sorga som kona, Ellen og barna set att i. Fred med hans minne.

Josef Martinsen

Fortsettelse frå side 3:

## Eit krafttak må til

### Auka effektivitet på dekkesektoren

I 1984 blei det oppretta dekkeseksjon på vedlikehaldsavdelinga. Dette vil venteleg føre til ytterlegare betring av produktivitet, kvalitet og økonomi på denne sektoren.

Eit prov på at det nyttar å stå på i konkurransen fekk vi nett ved denne seksjonen på nyåret. Saman med Troms fekk vi politisk aksept på kjøp av eit nytt trommelblandeverk for asfalt. Dette var i siste liten, vi hadde store problemer hausten 84 i Eikefet, og vi får berre vona at det gamle verket held til over ferien i år då vi reknar med at det nye er montert.

Eit skår i gleda var det imidlertid at det ser ut til at vi får eit mindre verk enn det som er naudsynt og rett å kjøpa etter vår meining.

### Tryggleik for arbeidarar og trafikkantar

Eg synes og det er rett å peika på eit anna område som det er lagt ned mykje arbeid i frå vegkontorets side i 84/85.

Nokre vil nok synest at arbeids-skilting ikkje fortener spesiell omtal på linje med dei andre viktige arbeidsområda som er nemnd, dette er då berre eit meirarbeid som ikkje gjev nye meter veg, men ekstra kostnad og arbeid.

Eg skal ikkje kommentera dette nærrare, men berre peika på at vi i 84/85 har avvikla 4 stk. 3-dagars kurs for oppsynet og ingenører internt, 3 stk. 2-dagars kurs eksternt for andre offentlege etatar, kommunar og entreprenørar, 4 stk. 8-timars kurs for ansvarshavende internt og eksternt, 1 stk. 8-timars kurs for trafikkdirigenter i samanhend med dekkelegging i eigen regi, 1 stk. 8-timars kurs for Televerket og 1-tumes kurs for leiarmøtet.

Efter denne omfattande kursseieren synest det som om arbeids-

skiltinga har betra seg noko når det gjeld eigendrifta, men det verkar som om responsen er betre blant etatar utanom vegvesenet og blant dei seriøse entreprenørane!

Dette er vel eit tankekors?

#### Personalplanar

Arbeidet med personalplanar for vegkontoret og for drifta held fram, og vi vonar etter kvart å gje betre informasjon til den einskilde om komande arbeidsoppgåver, stasjoneringsstad m.m. Det er likevel rett å peike på at om vi framleis ønskjer å vera i ein konkurransesituasjon, so krev arbeidsoppgåverne stor fleksibilitet når det gjeld flytting til ny arbeidsstad og skifte til nye arbeidsopdrag.

#### Fleire arbeidsulukker

Ulukkesstatistikken for 1984 visar ei foruroligande utvikling. Etter fleire år med nedgang i ulukkestala er no trenden snudd, og vi har diverse hatt ein del svært alvorlege ulukker i første del av 1985. Nokre av ulukkene er av ein slik art at dei synest meiningslause, og vi må alle gjere vårt til å sliske tragedier blir unngått. Betre planleggjring, omtanke i utføringa og omsutfor arbeidskameratar og kollegaer i det daglege arbeidet kan hindra at ulukker skjer. Fårlede arbeidsstillingar og snubbling/fall fører ofte til skader, og eit advarande ord frå ein arbeidskamerat kan ofte vera nok til å hindra ei tragedie.

#### Krafttak må til, skal vi vera konkurransedyktige

«Bygge flest mulig meter veg til riktig kvalitet» er anleggsavdelinga si målsetjing. I dette ligg det underforstått «til lågaste kostnad i høve dei oppgjevne føresetnadene».

Ein veg består av mange arbeidsoperasjonar og element, og det har i mange år vore vanleg å vurdera eigendrifta/entreprise på einskilde eller grupper av desse ut frå kompetanse og økonomi. I ein periode var også sysselsetjing av eigne arbeidstakrar eit moment som skulle takast omsyn til.

Som bakgrunn for desse vurderingane og avgjerdene står slutt-rapporter frå eigendrifta og erfaringstal frå entrepiser sentralt Konkuransen om jobbane mellom entreprenørane er knall-

hard. Dette fører til låge prisar, for låge til å gje eit akseptabelt økonomisk fundament, vil einskilde seie. Dette gjeld serleg underentrepreneurar.

På den andre sida må vi som ein offentleg etat etter beste evne søkja å stetta krava i m.a. Arbeidsmiljølova. Det kan synast som om kontrollapparatet er mindre utbygd på entreprenørsida.

#### Ny teknologi innan boring og sprenging

Vi er no i den stoda at det må eit krafttak til på fleire av våre tradisjonelt sterke område for å halde stillinga. Eg skal her peike spesielt på *boring og sprenging*, der vi no etter ein grundig analyse av stillinga er blitt samde m.a. med dei til-listvalgde om å sputta i nevane og visa at vi framleis har taket på denne prosessen.

Dette betyr full utskifting av dei gamle Roc 302 og tilhøyrande kompressorar, kjøp av nytt hydraulstyr, fokusering på bormønster og riktig lengd av borhol ved hjelp av ny teknologi (mikromaskiner, modifisert Ågjängmetode), auka bruk av Anfo, kontinuerleg (samanhengande) boring i samband med lasting av delar av salva m.m. Dette skal setjast i verk snarast råd i inneverande år.

Eg ber om at samtlege ingeniørar, oppsyn og arbeidarar som arbeider med boring og sprenging ved felles anstrengelser og ved bruk av felles kunnskap set alt inn på å få eit best mogeleg resultat. For maktar vi ikkje å konkurrara, so må vi finna oss i at andre som gjer jobben betre og billegare får overta.

Det skulle vera god von om å halde stillinga, berre vi kastar gamle tenkemåtar på båten og brukar den kunnskap og røynsle visitinne med.

Det var langt fleire saksområder som hadde fortent å bli trekte fram i eit slikt tilbakeblikk, men det vil føra for langt i dette innlegget.

Reint generelt er det grunnlag for å peika på at samarbeidet driftsavdelingane i mellom og med dei tillitsvalgde framleis er særskilt godt. Dette er etter mi meinung heilt naudsynt for å oppnå ei vidare effektivisering av drifta og trivsel på den einskilde arbeidsplassen.

## Dispensasjonane:

# Stort sett respekt for reglane, men ein del prøver seg


Kvar dag handsamer vegvesenet i Hordaland kring 15-20 – og ofte fleir – søknader som gjeld dispensasjon frå reglane om godstransport langs vegen.

Dispensasjonssakene gjeld lengd, breidd og vekt, og i dei fleste tilfella er sakene kurante. Avslaga vert få, men av dei som vert innvilga dispensasjon finst det og dei som prøver å tøya grensene — som t.d. denne bilen som var stoppa på fergekaien på Krokeide i juni.

Bilen skulle frakta røyr som vart oppgjeve å vera lengre enn planet, og det måtte difor skøyta på med ein s.k. «basket». På dette grunnlaget hadde Rogaland vegkontor gjeve dispensasjon, men då bilen kom i kontrollen på Krokeide, viste det seg at basket'n i staden var fylt med mindre stykkogods (bilete 1).



Då lasta var teke bort, syntte røyr lengda seg å vera langt kortare enn lasteplanet på bilen (bilete 2).



# AMU-SYNFARING

Torsdag 23. mai var Arbeidsmiljøutvalet på synfaring på attføringsverkstadene i Eidsvåg og Rådal vegsentral. Glasskar-tunnelen og anlegget Øvre Ervik-Tertneskrysset vart og avgjort ein visitt.



Julius Myrvang demonstrerer opplastningsinnretningen for Ethafoamplatene, medan mekanikar Olav Sandvik og verneleiar Bjørn Langedal følgjer med.

AMU-representant Erling Steinsland og formann på attføringsverkstaden i Eidsvåg, Johannes Thunestvedt, studerar sperremateriellet.

Brannverneleiar Malvin Minde i arbeid med overhaling av brannslukkingsapparat.

Fotos: T. Opedal



## Støyskjermar og sperrebukkar

I Eidsvåg orienterte verneleiar Bjørn Langeland om produksjonen av støy-skjermar og arbeidssikrings-/sperremateriell.

For tida arbeidar seks mann på verkstaden i Eidsvåg.

Etterspurnaden etter støyskjermarne er så stor for tida at produksjonen til tider nesten ikkje greier å halda tritt. Nordre innfartsåre har stått for det største konsumet.


I Eidsvåg lagar dei også m.a. sperrebukkar, og det vart demonstrert ein fiks og enkel patent for å halda bukkene stødige: Rett og slett ein krok montert under tverrliggaren. Her kan ein hengja eit lodd i staden for å leggja stein e.l. oppetter beina på utsiden av bukken.

## Brannvernutstyr

I tillegg til snikkarverkstaden har ein også ein verkstad for brannvernutestyret, kor brannverneleiar Malvin Minde held til. Her vert



Av vegvesenets folk er fra venstre: Jan Ove Vevle, Eldbjørg Nielsen, Astrid Ottesen og Konrad Ulvatne.



Frå v. Lars Kr. Borgen, Hans Gjerde, Konrad Ulvatne og Ove Gjerde.

ma.a. alle brannslukkingsapparata kontrollerte og etterfylte.

Etter synfainga i Eidsvåg gjekk turen vidare til Glasskartunnelen, kor ein m.a. såg på montering av ethafoam-plater. Det vart òg tid til ein prat med karane som la penetrasjonsdekke på anlegget.

### Ethafoam

På Vegsentralen fekk ein demonstrert korleis ethafomplate ne vert sammenføya og tilskorne til det formatet dei skal ha ved monteringa. Her òg hadde ein nytta seg av oppfinnartalent: Med

ein spesiallaga klype og eit taljeopplegg vert opplastinga av plate ne gjort monaleg enklare.

### Allmannamøte

Til sist deltok AMU på allmannamøte på Vegsentralen, der m.a. arbeidsmiljøet og sikringstiltaka i verkstadbygget vart drøfta.

Av andre saker som vart drøfta var ein eventuell samanslåing av alle attføringsverkstadene. Aktuelle alternativ i denne samanheng er Eidsvåg og Vegsentralen.

Stigning på landsbasis, men

## Færre dødsofre i Hordalands-trafikken hittil i år

Oversikten fra Trygg Trafikk over antall trafikkdrepte hittil i 1985, viser at tallene for Hordaland hittil i år er lavere enn på samme tid i fjor, mens tallene for hele landet viser økning.

To.m. juni mnd. var det 10 mennesker som omkom i trafikkulykker i Hordaland, mens tilsvarende tall i fjor var 18. I alt har 186 mennesker mistet livet i trafikken hittil i år.

Dødsulykkene fordeler seg slik på fylker og trafikantkategorier:

	Hittil i 1985	1984
Østfold	13	14
Akershus	15	15
Oslo	14	13
Hedmark	8	15
Oppland	6	12
Buskerud	17	11
Vestfold	9	6
Telemark	12	10
Aust-Agder	3	6
Vest-Agder	11	10
Rogaland	11	13
Hordaland	10	18
Sogn og Fjordane	2	2
Møre og Romsdal	5	10
Sør-Trøndelag	7	14
Nord-Trøndelag	4	2
Nord-Trøndelag	4	2
Nordland	8	8
Troms	10	2
Finnmark	4	5
	169	186

	Hittil i 1985	1984
Bilførere	58	67
Bilpassasjerer	43	45
Motorsyklistar	12	17
Mopedførere	8	6
Syklistar	12	9
Fotgjengere	28	34
Andre	3	1
Akende	5	7
	169	186

Halvparten av de drepte i juni omkom ved utforkjøringsulykker. Gruppen bilførere/-passasjerer kan i første halvår 1985 vise til en klar nedgang — 10 i år mot 11 i fjor.

Det er registrert en negativ utvikling for samme periode når det gjelder mopedførere, syklistar og fotgjengere.

# Norsk Vegplan 1986-89

Av førstekonsulent Per Steffen Myhren

## Kva er målsettinga når det gjeld Hordaland — og kan vi i vegvesenet greie å sette denne målsettina ut i livet?

Samferdselsdepartementet la fram Stortingsmelding nr. 58 (1984-85) Om Norsk vegplan, den 8. mars 1985.

Innhaldet i vegplanforslaget er vel kjent stoff no, men det kan likevel vere grunn til å peike på nokre sider ved planen.

### Løyvingsrammer


I fireårsperioden 1986-89 vil Hordaland få 1.1191 mill. kr. (1985-pris) til riksveginvesteringer. Dette er 20 mill. kr. meir enn i 1982-85 og 190 mill. kr. meir enn den ramma som låg til grunn for det vegplanforslaget fylkestinget

handsama i juni 1984. Grunnen til denne auken er at departementet har sluttat seg til forslaget om bompengefinsansiering av innfartsvegane til Bergen og auka løvvingane til Bergen med eitt til tilsvarende beløp på 133 mill. kr. i perioden.

Resten av rammeauken vert delt på ei rad anlegg i fylket, godt over halvparten (30 mill. kr.) går til fullfinansiering av Fosenstrauen bru.

### Ekstra midlar: Stor eigeninnsats

Som det går fram av det som står ovanfor så ville løvvingane til Hordaland gått ned med over 100 mill. kr. i perioden 1986-89 i høve til 1982-85 dersom ikkje Bergen hadde gått inn for å forserer riksve-



gutbygginga med bompengar. Desse pengane saman med Bergen kommune si forskutting på Nordre innfartsåre, bompengeprosjekt som Bru over Salhusfjorden og Askøybrua og andre mindre tilskot/forsokt til riksveganlegg, vil gi eit ekstra tilskot til riksvegutbygginga i Hordaland på mellom 700 mill. kr. og 1000 mill. kr. i perioden 1986-89. Når ein ser dette talet i høve til dei statlege løvvingane på 1191 mill. kr. i same perioden, så ser ein dimensjonane på den lokale innsatsen i dette fylket. Det kan vere freistande å sette eit spørsmålsteikn om det er naudsynt med ein så stor eigeninnsats når Noreg no har utanlandske valutareserver på over 100 milliarder kr!

### Hovudprioriteringar i planen — innfartsårer, stamvegnett og akseltrykkheving.

Det som er hovudpunktia i planen er ei sterk satsing i Bergensområdet, det gjeld innfartsårene frå nord, vest og sør.

Utanom Bergen er det stamvegnettet som får høgaste priorititet. Spesielt stamvegen Bergen - Oslo mellom Dale og Bulken (vel 160 mill. kr.) og det som no vert kalla Kyststamvegen, dvs. Rv. 14 frå Rogaland gr. til Sogn og Fjordane gr. Største løvvingane utanom Berggen er på strekninga Knarvik - Sogn og Fjordane gr. med 114 mill. kr.

Det vil vidare verte satsa mykje på å få heile riksvegnettet opp i 10 tonns akseltryk, og det er venta at

## EDB i maskindrifta:

# PDU-systemet i drift frå hausten.., (?)

Frå hausten skal EDB takast i bruk i maskindrifta, hvis alt går etter planane. Det gjelder det sokalla PDU-systemet, som er eit dataverktøy for utleige og avrekning av alt småutstyr i vegvesenet — det som går under namnet kategori-4 utstyr.

PDU er utprøva nokre år i Telemark fylke, og det er meiningsa at alle fylke skal taka det i bruk i den nærmeste tida. Systemet vil òg verte eit hjelpemiddel i disponeringa av dei store maskinene.

Dei som kan hende får den største gleda av det nye systemet er anleggs- og vedlikehaldsdrifta, som no vil få ein mykje betre oversikt over kva utstyr dei har til ei kvar tid.

Innføringa av PDU vil ikkje føra med seg omleggingar i rutinane for inn- og utlevering av utstyr, men ein lyt syta for at dei rutinane som gjeld i dag vert fulgt av alle.

I august vil maskinavdelinga gå ut og informera om systemet, og i samband med dette vil ein då også registrera alt utstyr som finnst omkring på anleggsplassane.

To-

# Informasjon frå administrasjonsseksjonen/Vegdirektoratet:

## Opplæring for vegmestere («vegmesterskolen»)

Som en følge av arbeidet med å omorganisere vedlikeholdsdriften, vil det fra høsten av bli igangsat opplæring for vegmestere. Opplæringen er ment som et bidrag til å øke kompetansen for denne gruppen tjenestemenn.

Innholdet i opplæringen tar utgangspunkt i den ledelsesfunksjonen vegmesterne er tiltenkt, og

i de nye arbeidsoppgavene som enhetene vil få delegert fra vegkontorene.

Opplæringen vil bli gjennomført i samarbeid med Sofienberg tekniske fagskole i Oslo. Det er planlagt et opplegg på 20 uker, som vil bli delt opp i to perioder à 10 uker og en mellomperiode der deltakerne får oppgaver å løse hjemme.

I skoleåret 1985/86 vil det bli tatt inn ett kull på 24 deltagere.

Undervisningen ventes igangsatt rundt 1. oktober 1985. Melding om opplæringen vil gå ut i løpet av sommeren, og i den vil det bli redegjort nærmere for fag- og timefordeling, bøførhold og økonomiske forhold.

Fra og med skoleåret 1986/87 er det planlagt å ta inn to kull i løpet av skoleåret. Undervisningen vil da starte i august for det ene kullet og ca. 10 uker senere for det andre kullet.

10-tonnvegnettet vil auke frå 63% pr. 1. januar 1986 til 85% 1. januar 1990. Omfanget av dei spesielle trafikksikringstiltak vil ligge på same nivå som i perioden 1982–85, med omlag 100 mill. kr. i perioden.

Dette kan synast noko låvt med tanke på at målsettinga er å kome ned på same ulykkestal som vi hadde i 1980. Men sidan ein stor del av ulykkene er i Bergensområdet, så er det venta at utbygginga av nye og trafikksikre innfartsvegar vil hjelpe til å redusere ulykkestallet.

## Bruprosjekt

Når det gjeld dei store bruprosjekta i fylket, så vil Rongesundet bru på Øygardsvegen og Løkksund bru stå ferdig 1986. Som nemnt ovanfor er Fosenstraumen bru fullfinansiert i perioden og vil kunne stå ferdig i 1988. Med den føresetnad at det vert gitt konseksjon til flytebru over Salhusfjorden, er det rekna med anleggsstart på tilførselsvegen på Bergens-sida i 1986 og på sjølve bruva i 1988. Heile prosjektet vil stå ferdig i 1991.

## Askøybrua

Når det gjeld Askøybrua er det to ting som må avklarast før anleggsarbeidet på sjølve bruva kan ta til:

trasévælet for Vestre innfartsåre (både indre og ytre del) må vere avgjort

— seglingshøgda for bruva må fastsetjast.

Tilførselsvegane til Askøybrua på Askøysida vert no finansiert med førehandsbompengar, og A/S Askøybrua har fått tilsegn om lån som om naudsynt kan kome utanom partialoppligasjonslånskvotane. Med dei positive merknadene departementet har gitt i stortingsmeldinga om Norsk vegplan, så er det grunn til å tru at bruarbeidet kan starte opp i 1986–89 og stå ferdig samtidig med parsellen Gyldenpris — Gravdalvatnet på Vestre innfartsåre i 1990–93.

## Bru til Osterøy

Når det gjeld Kvisti bru til Osterøy seier departementet at finansierings- og framdriftsplan vil bli vurdert ved revisjon av Norsk vegplan 1990–93. Det vert no arbeidd med ein framdriftsplann som tar sikte på anleggsstart hausten 1989, dvs. etter at Stortinget har handsama vegplanen for 1990–93.

## Konklusjon

Det kan ventes stor aktivitet når det gjeld riksveganlegg også i 1986–89, og æra for det fell i stor grad på distriktet, idet 40–45% av midlane vert skaffa til vege av eigeninnsats. Men det er ein viktig føresetnad som må oppfyllast dersom vi skal kunne få brukt alle midlane innanfor perioden og på ein best muleg måte.

— Vegkontoret må få dei naudsynte ressursar (det gjeld både folk og pengar) til å planlegge prosjekta og til å leie anlegga.

*Med dei rammevilkår dei sentrale styresmaktene har gitt vegvesenet dei siste åra,*

— tilsettingsstopp  
— krav om stadig auka overskott (til fordel for statskassa) i maskeindrifta  
— stadig dårlegare lønsvilkår i høve til private verksemder  
— sterkt reduserte rammer for overtid  
— ein bortimot skandaløs reduksjon i reisebudsjetta  
— og som siste dråpen i begeret, forslag om å redusere kilometergodtgjersla på tenestereiser med bortimot 40%,

— så er det forståeleg at mange tilsette i vegvesenet no vert frustrerte og at mange av dei mest erfarene medarbeidarane søker seg over i anna verksemder. Ei gjennomlesing av St.meld. nr. 58 (1984-85) Om Norsk vegplan med sikte på kva som vil bli gjort for å løyse desse problema, gir eit magert resultat. Bortsett frå eit punkt om overføring av reiseutgiftene som gjeld anleggsdrifta, frå administrasjons- til anleggsbudsjettet, så er ikkje utsikten til at vi skal få eit meir effektivt og slagkraftig vegvesen i åra framover så svært lyse.

## **Stipend 1985**

Nordisk Vegteknisk Forbund (NVF) tilbyr stipender for studier av aktuelle spørsmål innen transportøkonomi og veg- og vegtrafikk. Stipendiene kan også benyttes til studiereiser.

Tilgjengelig beløp er omlag kr. 50.000.

Valg av emne er opp til den enkelte søker. Stipendiatene forplikter seg til å skrive en rapport om resultatene av studiet til Nordisk Vegteknisk Forbund. Etter NVF's årsmøte.

Studiene skal være gjennomført et år etter tildeling av stipend.

Søknad om stipend skal inneholde:

- beskrivelse av emne for studiet
- plan for gjennomføring av studiet
- opplysninger om søkerens stilling, arbeidssted og arbeidsfelt.

Søknaden sendes:  
Nordisk Vegteknisk  
Forbund  
Vegdirektoratet  
Postboks 6390 Etterstad  
0604 Oslo 6  
innen 15. august 1985.

Tildeling av stipend vil finne sted i september 1985.

Nærmere opplysninger kan fås av Johnny Johansen tlf. 02-466960.

*Redaksjonen seier seg lei for at denne informasjonen kjem seint grunna problem med å få ut bladet i år.*

## **Kantklipping**

Klipping og rydding av kratt og annan vegetasjon langs grøfter og vegkantar er arbeidsoppgåver som no vert høgare prioritert i fylket.

Vegvesenet i Hordaland skaffar seg i år tre kantklippemaskiner for montering på mindre hjullastarar



Biletet er fra Ålvik i Hardanger, og det er Kristoffer Drevsjø som sit bak spakene i maskina.

## **Lærlinger inn i vegarbeidsdriften**

AV KURTH DAHLEN

Fra 1. juni 1984 ble fagene forskaling, armering, betongarbeid og grunnarbeid latt ut som selvstendige lærefag under Lov om fagopplæring i arbeidslivet.

Fra samme dato ble disse fagene slått sammen til ett under navnet Bygganleggsfaget med følgende 5 fordypningsretninger.

- tunneldriving/fjellarbeid
- grunnarbeid/anlegg teknisk arbeid
- forskaling
- armering
- betongarbeid

Etter den gamle loven var det ordinære vegarbeidet som vegvesenet utfører ikke godkjent som grunnarbeid. Dette medførte at vi i vegarbeidsdriften ikke utførte fagarbeid og således ikke hadde fagarbeidere annet enn i fagene forskaling og armering. Under

revisjonen av opplæringsplanen ble det imidlertid spesielt tatt hensyn til de arbeidsoperasjoner som utføres av vegvesenet, og etter at det nye bygganleggsfaget ble innført er mesteparten av det arbeid vi utfører i vegarbeidsdriften nå blitt fagarbeid. Dette innebærer videre at våre arbeidstakere nå kan godkjennes som fagarbeidere, og dette åpnet igjen muligheten for å ta inn lærlinger.

### **Hordaland tidlig ute**

Ved vegkontoret i Hordaland ble det allerede i 1983 satt ned en arbeidsgruppe til å utrede spørsmålene om bla. lærlingeordningen. I rapporten fra gruppen ble det konkludert med at det var ønskelig for oss å ta inn læringer, og det ble også foreslått en praktisk måte å gjennomføre dette på. Da endringene i Lov om fagopplæring i ar-



Maskinen har til no gått i Måbødaltunnelen, og erfaringane med han til no skal vere svært gode.

Foto: T. Opedal

## Ny tunnellastar til Hordaland

Vegvesenet har teke i bruk ein ny elektrohydraulisk opplastarmaskin til bruk i tunnel. Maskinen er ein Brøyt + 41-ELog ho veg 32,5

tonn. Skuffa laster 3 m<sup>3</sup> og er utstyrt med rensepigg. I tillegg er det montert vannopplegg for spyling av røysa.

beidslivet kom høsten 1984 var vi her i fylket altså ferdig med utredningsarbeidet og kunne således bare sette i gang og ta inn lærlinger.

### 3 års læretid

Læretiden for bygg-anleggsfaget er 3 år. Lærlinger skal i løpet av de første 2 læreårene gis en allsidig opplæring i hele fagområdet. Det siste året skal lærlingen velge faglig fordypning os spesialisere seg i et av fagområdene

- tunneldriving/fjellarbeid
- grunnarbeid/anleggsteknisk arbeid
- forskaling
- armering
- betongarbeid

Hvor vedkommende senere skal avlegge fagprøve.

Det finnes tre forskjellige veier for å nå frem til fagprøve, og dermed også tre forskjellige nivå hvor vi kan rekruttere lærlingene fra. Disse er

1.nivå Ferdig med 2-årig yrkesskole  
Disse skal ha 16 mnd. læretid med bare arbeid

2.nivå Ferdig med 1-årig yrkesskole  
Disse skal ha 26 mnd. læretid hvor de i løpet av denne tiden

også skal ta 3. klasse på lærlingeskolen.

3.nivå Ingen yrkesskole. Disse skal ha 3 års læretid med 4 dager arbeid og 1 dag lærlingeskole pr. uke hele læretiden.

### 16 lærlinger

Vi har til nå tatt inn 14 lærlinger i bygg-anleggsfaget jevnt fordelt over hele fylket. Ved inntakene har vi bevisst valgt å ta inn noen lærlinger fra hvert av disse forannevnte tre nivåene. Vi har altså feks. ikke bare tatt inn lærlinger som er ferdig med 2-årig yrkesskole, selv om dette trolig ville være det beste bedriftsøkonomiske alternativet for vegvesenet.

Vi har også tatt inn 2 lærlinger i mekanikerfaget ved Rådal vegsentral. Ved dette verkstedet har vi også tidligere hatt lærlinger, men det er nå noen år siden siste lærling avla fagprøve.

I vegvesenet i Hordaland er det altså i dag 16 lærlinger som har kontrakt, og vi håper at antallet enda kan økes noe. Vi vil derfor bare til slutt oppfordre alle våre ansatte som kommer i kontakt med lærlinger om å ta godt imot disse og gi dem en full-verdig opplæring

# Nye håndbøker fra Vegdirektoratet

**121-detaljplaner**  
**Normaler** 40 sider

Håndboken gir regler og råd om hva en detaljplan bør inneholde, og hvordan den bør presenteres. Den er utarbeidet på grunnlag av høringsutgave datert april 1984, og senere kommentarer.

**122-kabler til hengebruer**  
**Retningslinjer** 0048 sider

Disse retningslinjene er en revidert utgave av «Tekniske leveringsbetingelser for kabler til hengebruer» av juni 1979. De bygger i stor grad på tyske normer (DIN), men er tilpasset de spesielle forhold som gjelder for kabbelleveranser til bruer for Statens vegvesen. Boken har også tekst på engelsk.

**123-EDB-program COBE Veiledning** 072 sider

Hensikten med programmet er å beregne kontinuerlige bjelke/kassebruer i betong. Programmet er bygget på bjelketeori, og elementmetoden benyttes som løsningsmetode. Programmet er tilgjengelig på ND 500 og Prime datamaskiner.

**Vegdirektoratet**  
**Håndboksekretariatet**

VI INTERVJUAR:

# Maskinsjef Lars Kleppe

**Som dei fleste veit tok Lars Kleppe over leiinga av maskinavdelinga i fjor haust, etter at han tidlegare har hatt stillinga som avdelingsingeniør for maskindrifta.**

**Veg i Vest har intervjuet Kleppe for å bringe vidare dei tankar den nye leiaren gjer seg om avdelinga si rolle, dei problema ho står overfor, og kva han ser som viktige oppgåver og utfordringar.**

Vi spør først om hans syn på avdelinga sine viktigaste funksjoner i dag.

Kleppe legg stor vekt på at maskinavdelinga må stella seg slik at dei andre avdelingane ser nytten i det avdelinga driv med. Vi må heile tida ha for auga at vi er ei service-avdeling, og vi må difor gjere mykje for å yta det som er ønskt av oss.

LK: — Avdelinga har som overordna mål å stilla maskiner, personell og utstyr til rådvelde for ei rasjonell vegarbeidsdrift.

For å få dette til, må vi arbeida langs fire dimensjonar. Det er økonomi, teknologi, personalressursar og organisasjon. Økonomien er den største utfordringa.

**Riktig teknologi, kompetanse og samarbeid er nøkkelord**

— Maskinparken må dimensjoneras riktig — det tyder at talet på maskiner, maskintypar og maskinstorleiker må vera tilpassa det arbeidet som skal utførast. Spesielt når økonomien er knapp er det viktig å velgja rett teknikk. Val av maskin må baserast på nytte/kostnads-vurderingar.

Vidare må hjelpeapparatei, som verkstader, lager, driftsbygningar og administrasjon dimensjoneras riktig i høve til maskinparken, slik

at dei indirekte kostnadene ligg på eit forsvarleg nivå.

— Når så dette er løyst står resten opp til menneska. Deneinskilde og fellesskapen er heilt avgjerande for eit godt resultat. Vi satser difor på systematisk opplæring for at ein skal beherska eit kvart felt av det ein driv på med.


Vi prioriterar opplæring i arbeidsleiing og samarbeid. Dette gjeld alle i leiarfunksjonar, og her har vi alle mykje nytig å henta. Dei kursa vi gjennomførar i år trur eg vil styrka heile avdelinga. Det er heilt avgjerande at samarbeidet fungerar på alle plan, dersom vi skal nå dei måla vi har sett oss.

VIV: — Kva vil du seia er den viktigaste utfordringa for avdelinga i dag?

**Skjerpa konkurransen — skeive konkurransevilkår**

LK: — Vi har i dei seinaste åra hatt ein skjerpa konkurransen på den private maskinmarknaden. Dette fører med seg at tilbodsprisane vert pressa kunstig lågt. For oss gjer dette seg utslag i at vi for nokre maskiner ikkje lenger er i stand til å grunngjeva maskinkjøpa våre økonomisk, og det vert difor stendig meir vanskeleg å kjøpa anleggsmaskiner.

— Samstundes vil eg setja eit spørsmålsteikn ved denne utvik-



Lars Kleppe er 47 år og har før han kom til Hordaland virka ved maksin-avdelingane i Sogn og Fjordane og Oppland. Han har i tillegg vore ein periode i Vegdirektoratet, kor han hadde planlegging av driftsbygningar som særskilt ansvarsområde.

linga: Trass i den harde konkurransen dei private imellom er det ikkje den heilt store prisskilnaden på eige og privat utstyr. Det er visse teikn til at tilbodsprisane no har nådd botnen, og med den aktiviteten vi no har i Bergensområdet vil prisane ventelegstiga. Vi må ikkje stella oss slik at vi ikkje kan byda dei private reell konkurranse pga. mangel på utstyr.

Bemanningsplanen skal:

- 1) Gi oversikt over arbeidsoppgaver og personalressurser.
- 2) Gi grunnlag for prioritering av etatens persoanressurser i forhold til etatens mål.
- 3) Gi et bedre redskap for å tilpasse oss endringer i rammebetinelsene.
- 4) Gi muligheter for å se konsekvenser av endret oppgaveprioritering for
  - Personale
  - Andre oppgaver
  - Omgivelsene
- 5) Avdekke problemområder som bør ananlyses nærmere.
- 6) Gi et bedre grunnlag for å oppfylle hovedavtalens intensjoner om medbestemmelse.

På møtet med styringsgruppen ble det gitt klarsignal til å fortsette med den modellen som var valgt.

Både prosjekt- og styringsgruppen var enig i at dette er «upløyet mark» og at en derfor må være forberedt på at det kan bli en prøve/feile-prosess, men et prosjekt vi kan lære mye av.

Prosjektgruppen og avdelingslederne arbeider nå med å utarbeide registreringsskjema over arbeidsoppgaver og ressursbruk for den enkelte avdeling. Dette arbeidet skal være ferdig og legges fram for styringsgruppen 20. september.

Neste trinn er så en kartlegging av avdelingens gjøremål og ressursinnsats. Dette arbeidet er tenkt gjennomført uke 43 og 44.

**Prosjektgruppen**

# Sykkelgruppa trår til – også i år

Når en ser bort i fra trenings, så startet årets turritt sesong med Åsane Rundt (25 km) den 28/4. Her åpnet Rune Drevsjø sesongen sterkt ved å vinne hele konkurransen. Neste turritt var Voss – Granvin – Voss (60 km) den 1/5. Men her gikk det ikke fullt så bra, etter Runes eget utsagn. Dessverre har resultatjennesten hittil i år vært meget dårlig, slik at oppmannen hittil ikke har klart å oppdrive flere resultatlister enn fra Åsane Rundt.

## Nymark, Ulriken og Voss

Den 11/5 gikk Nymarks Turritt (67 km) men heller ikke her lyktes det helt for Rune. Denne gangen var det sykkelen som slo seg vrang. Men med hjelp fra servicevogn, kunne han dog fullføre i fin stil. Den 16/5 stilte også oppmannen på startstreken. Ulriken Rundt (50 km) skulle kjøres. Med fellesstart utenfor Bergenshallen kjørte vi samlet bak en lederbil til Sandviken, hvor feltet delte seg, og lederpuljen forsvant, med Rune i tet. nærsagt som vanlig. Også her var Rune med i vinnerpuljen. Oppmannens plassering ble som vanlig midt inne i den store klyngen. Den 2/6 sto Voss rundt (90 km) på programmet. Her skulle Rune igjen alene forsøke Hordavegs sykkelenommé. Det begynte da også svært bra, men igjen så fikk han kluss med sykkelen. Men denne gang ikke verre enn at kun noen få klarte å komme i mål før ham.

## Generalprøve

Lørdag 8/6 skulle så generalprøven for den store styrkeprøven Trondheim – Oslo kjøres, nemlig



Hordavegs brave syklister: Fra venstre Ove Gåsdal, Erling Pettersen, Finn Moss og Rune Drevsjø.

Bergen – Voss (170 km). Optimistisk stilte både Rune og oppmannen på startstreken, riktig nok med 20 min. mellomrom pga. pulje-start. Her kjørte Rune imponerende fort, og sammen med fem andre kjørte han til Voss på sterke 4.39.44. Oppmannen forbedret sin beste tid fra i fjor med 20 min., tid 5.26.00. Dette lovet godt før Trondheim – Oslo (560 km). Men også Gulfjellet rundt (90 km) skulle kjøres først, den 16/6. Også her stilte Rune som favoritt, og ei heller denne gangen klarte noen å frata han seieren. Oppmannen fullførte også i bra stil, selv om det høye tempoet som holdes i såpass «korle» ikke er hans styrke. så var vi kommet til den 22/6, og da sto årets store oppgave på programmet for ca. 4000 turrytttere, deriblant Hordavegs to deltakere.

## Den store styrkeprøven

Allerede tidlig i vinter falt beslutningen fra sykkelgruppa om å kjøre Den store styrkeprøven 1985. Begge hadde vi ved tidligere anledning planlagt å kjøre den,

men av forskjellige årsaker ikke fått gjennomført rittet.

## Målbevisst trening

I år satset vi målbevisst med trening ennå mens snøen lå hvit langs vegene. Og med godt over 400 mil på sykkelen på forhånd for begges vedkommende, reiste vi sammen med to andre sykkelkamrater fra Samnager og følgebil med sjåfør til Trondheim.

Følgebilen skulle medbringe klær som skulle kunne passe for alle slags værforhold. Til og med polvotter fantes det i bagasjen. Heldigvis ble det ikke bruk for dem.

Kl 15.42 gikk startskuddet for puljen våres på 50 ryttere i strålende fint sommervær.

## Startskuddet går

I oppmannens lommer, mellom bananer, rosinboller m.v. lå et spesiellaget tidsskjema som skulle påminne 4-mannsgruppa at ankomsten i Oslo var stipulert til kl. 11.42 dagen etter. Kanskje et noe optimistisk skjema? Fra først av var målet 22 timer, men etter den fine

# Ros til vegvesenet

Fra elevane i andreklassa på Palmafossen skule på Voss har vi fått dette hyggjelege brevet og to fotografiar.

## Til Veg i Vest Hordaland vegkontor

Gangfeltet ved skulen vår var borte, men vi tok blyant og papir fatt. Skreiv brev til vegkontoret på Voss. Appellen var klar: Kom og mal! Svar fekk vi med fine refleksar i. Og i vike 22 kom ein gul bil og to blide karar frå R-3 og måla til oss, så no kan vi igjen gå trygt til skulen.

Honnør til vegvesenet for god service.

Helsing  
2. klasse på  
Palmafossen skule  
v/Karen Rio Holstad

Det er ikkje  
malings på gang  
felt på Palmafossen  
skule.

Harde kvit -  
malingskomognall  
Helsing

Kurt Erling

R R

Saman med brevet lå og denne oppmodinga, som ein av elevane, Kurt Erling, sendte vegvesenet for å få orden i sakene.



«Slik var det»



«Det kom ein gul bil og to blide karar frå R-3...»

gjennomføringen av Bergen – Voss gikk vi optimistisk ned på 20 timer. Men hovedmålet var likevel å fullføre rittet. Ut fra byen var tempoet behagelig lavt, men allerede før de siste høyblokkene var passert ble farten øket betraktelig. Ved Støren fikk vi en kraftig regnbyge av en halv times varighet. Her bevilget vi vår første stans, da de tre øvrige ønsket å kle mere på seg. Oppmannen unnløt å gjøre det, og det resulterte i at han tørket fortset opp igjen. Etter 13 mil, matstasjon på Driva, stoppet vi for å spise og proviantere for den videre ferden. På Hjerkinn (17 mil) var vi kommet på rittets høyeste punkt, ca 1000 m.o.h., og her stoppet vi for å kle oss for nattkjøringen over fjellet.

## Hardt kjør over fjellet

På dette tidspunktet var også de første tretthetstegnene registrert hos den første av oss. Men nå var også de verste stigningene unngjort. Været var ualminnelig behagelig til å være på høyfjellet, og midt på natten. Matstasjonen på Fokkstua (19 mil) ble elegant forbikjørt, litt for galant, kanskje? Dess-

verre var ikke oppmannen observert på det faktum at det var hele ni mil til neste stasjon, Vinstra (28 mil). Det ble ni lange og smertefulle mil, iallefall for oppmannen. Kreftene holdt fint enda, men hele kroppen verket noe ganske forferdelig. Men fort kjørte vi fortsatt. På Garli lå vi 20 min. foran skjema, på Oppdal 30 min., på Dombås 45 min. og ved ankomst Vinstra ca. 60 min. Men her gikk det med hele 20 min. før vi igjen var igang. På Fåvang (31 mil) fikk vi oss en sårt tiltrengt porsjon kjøttkaker m/poteter m.v. og sammen med hvile gjorde det underverker.

## Holder skjemaet?

Nå var det også begynt å lysne av dagry og oppmannen kviknet betraktelig til etterhvert. Dessverre virket ikke dette likt på alle oss fire, slik at vi begynte å tape tid. Lillehammer ble passert med bare 40 min. foran skjema og på matstasjonen i Brummundal (41 mil) var forsprangen skrumpet ytterligere. På dette tidspunktet hadde tempoet begynt å være kraftig på en av deltakerne, og enda var det 15 mil igjen til Oslo. Men takket være Ru-

ne, så klarte vi andre også fortsatt å holde farten sånn noenlunde. Da vi fortsatte fra siste matstasjon, Eidsvoll (50 mil) lå vi fortsatt foran 20 timers skjema. Derfra og inn til Oslo gikk det forbausende bra, selv om det nå var smertene i knærne som plaget oss mest.

## I mål

Men, kl 11.26 kunne vi kjøre over målstrekken i etter forholdene bra stil, fortsatt i herlig sommervær.

Vi hadde fullført den store utfordringen, og vi hadde klart 20 timers grensen med klar margin 19.43.35.

Etter en skikkelig pause med dusj og etterfølgende middag på Valle Hovn, satte vi kursen vestover. En følgebil med trøtt sjåfør, medbringende fir eneda mere slitne syklister med fire par ille verkende føtter. Likevel, søndag 30/6 står vi igjen på startstrekken. Sotra rundt (80 km) skal kjøres. Men etter det tar sykkelgruppa ferie. God ferie!

**Erling Pettersen**  
Oppmann – sykkel

# Fordeling av velferdsmidlane for 1985

Velferdsmidlane for 1985 er fordelt slik:

Anlegg	kr. 31.000,-
Vedlikehold	kr. 15.000,-
Maskin	kr. 8.000,-
Biltilsyn Bergen	kr. 2.400,-
Biltilsyn Odda, Stord og Voss	kr. 1.500,-
Biltilsynet Bergen til anskaf. av bilder	kr. 3.500,-
Ny veg/biltilsynsstasjon Voss til utsmykn.	kr. 3.200,-
Hordaveg	kr. 30.000,-
Badstu til trimrommet i fellesbygget	kr. 11.000,-
Juletrefest for barn	kr. 2.000,-
Salven	kr. 500,-
Kunstlaget «Klatten»	kr. 2.400,-
Husorkesteret	kr. 6.500,-
Pensjonistane	kr. 10.000,-
Utsmykning brakkeleirane	kr. 3.000,-
Julesamkome	kr. 20.000,-
Blåtur vegkontoret/biltilsynet	kr. 10.000,-
	kr. 160.000,-

# Ikke øl, men champagne — da Madammen kom ut

Mandag 2. september — og med god margin til den opprinnelige tidsplanen, kunne vegvesenet notere at enda en milepål på Nordre innfartsåre var nådd. Presis kl. 18.00 tittet hun fram i dagslyset, Madam Felle — med en bulder og brak som til tider overdøvet hornmusikken som spilte til hennes ære.

Og da hun vel var ute, var det nok kanskje noen som lurte på om «hon



Så var madammen ute.



Et tallrikt publikum hadde møtt fram.



De første av mannskapene var ute.

hadde øl å selle...», den godeste madammen. Det hadde hun ikke, derimot kunne anleggsleder Jan Elvøy by på champagne til tunnelfolkene da de kom ut fra maskinen. Enda en festdag for vegvesenet og for de mange hundre bergensere som hadde møtt fram for å overvære begivenheten.

# Personalnytt

## Nye medarbeidrar:

Kjell Frenningsmoen, opps.mann, geotekn. seksjon.  
Frode Kenneth Myhre, ingeniør, maskinavd.  
Jan Arvid Robstad, konsulent, personalkontoret.  
Helge Sandvik, konsulent, økonom. seksjon.  
Steinar Vestnes, ingeniør, vedlikeholdsavd.

## Endringar:

Bengt Drageset, anleggssjef  
Arild Eggen, plansjef  
Svein Holmedal, avd.ing., planavd.  
Alfred Horne, opps.mann, vikar ved geotekn. seksjon  
Åsmund Johansen, opps.mann ved maskinavd.  
Øystein Kolaas, opps.mann, vikar ved geotekn. seksjon.  
Einar Noremark, avd.ing., vedlikeholdsavd.  
Egil Pedersen, biltilsynssjef  
Jostein Søfteland, f.konsulent, juridisk seksjon.

## Permisjon:

Kjell Eriksen, vedlikehald.  
Gunnar Erstad, anleggsavd.  
Kjell Frenningsmoen, geotekn. seksjon.

## Slutta:

Lars Kr. Alsaker, overing., planavd.  
Gudrun Caspersen, konsulent, biltilsynet.  
Rolf Hjollo, avd.ing., maskinavd.  
Steinar Lothe, anlegg.  
Åse Pedersen, adm.sekr., adm. og øk.avd.  
Stein E. Samnøy, ing., anleggsavd.  
Nils Sellevold, anleggssjef.  
Kari Skaathun, adm. sekr., adm. og øk.avd.  
Morten Torbjørnsen, avd.ing., distriktslab.  
Einar Valle, biltilsynssjef.  
Eddie Westad, avd.ing. . planavd.

Per Ove Aasen, anlegg.  
Mette Aasland, anlegg

## Nye pensjonistar:

Ragnar Abelsen  
Ingolf Birkeland  
Nils Børshheim  
Peder M. Hammer  
Magnus Høysæther  
Jørgen Håvardsholm  
Astrid Hodne  
Einar L. Kleppe  
Hans Kvåle  
Hans Kåstad  
Sigurd Maurangsnes  
Harald Neset  
Kåre Olsen  
Åslaug Sletten  
Ragnar Toft  
Edvar Vedå

## Vi gratulerer: 60 år:

Nils T. Lien, Røldal 23.04.25  
Olav K. Tvedt, Ølensvåg 24.04.25  
Bjarne Sleire, Risnes 22.05.25  
Øyvind Sauholmen,  
Krokeide 26.06.25  
Olav Bøe, Sveio 2.07.25  
Åse Knudsen, Søreidgren 19.08.25  
Kåre K. Solesnes, Jondal 19.08.25  
Albert Jordal, Myking 24.08.25  
Knut Vikane, Odda 1.09.25  
Karl Solheim, Odda 6.09.25

## 50 år:

Jon Dyrkolbotn, Nesttun	21.04.35
Ingvald J. Gullbrå,	
Eidslandet	4.05.35
Ole Aspenes, Os	21.05.35
Vemund Brakvatne,	
Hjelmås	29.05.35
Haldor J. Vaage, Årland	8.06.35
Brita Ekse, Stord	14.06.35
Konrad Ulvatn,	
Averstraumen	2.07.35
Kristen Oen, Morvik	14.07.35
Sverre Markhus, Fjæra	29.09.35
Bergljot Skage,	
Blomsterdalen	29.09.35

## Takk:

Hjarteleg takk for oppmerksomheten på dagen min.  
Helsing Olav Tvedt.

Hjertelig takk for oppmerksomheten på min 60-års dag.  
Hilsen Øyvind Sauholmen.

## Dødsfall:

Ragnar Vabø, Myking, fødd 26.07.30, død 29.01.85.  
Eirik Vedeler Lie, Nesttun, fødd 25.05.26, død 23.04.85.  
Olav Gjerald, Skyggestrand, fødd 17.03.28, død 25.04.85.  
Ragnar Toft, Askelandsvåg, fødd 19.05.20, død 13.05.85.  
Arne Sekse, Hovland, fødd 2.03.42, død 16.05.85.

## Oppfinnsame trafikantar

er dei utan tvil, dei som har sett opp dette «varslingsanlegget». Vi får i alle fall ikkje tru det er Årets serviceetat som har vore på ferde. Biletet skal etter det innsendaren, Reidun Nordgulen opplyser, vera frå ein kommunal veg i Vossetraktene.  
Foto: Bjørn Hodneland



# Omfattande arbeidsprogram for 1985 – 1986

Som eg har vore inne på ved tidlegare høve er det ei interessant utvikling på gang ved vegkontoret. I driftsmøte 26. januar tok vi føre oss de viktigaste sakene som det må arbeidast med i drifta i 1985/86.

Felles oppgåver som det skal arbeidast med i tida frametter.

- Koordinering mellom avdelingane
- Større vekt på planlegging i drifta
- Kvalitetskontroll
- Arbeidskontroll
- Arbeidsskilting
- Personalplanlegging
- EDB
- Økonomistyringsprosjektet

Innanfor den einskilde avdeling:

#### Anlegg:

- Driftsplanlegging
- Mikromaskiner
- Effektivitet/produnktivitetssamanlikningar med private entreprenørar (sprenging, masseflytting, betong, tunnel)
- Skade, sjukefravære
- Bruk og behov for gule bilar.

#### Vedlikehald:

- Opplæring, delegering til områda
- Rett mann på rett plass
- Samanslåing R5/R6
- Sanering av driftsbygninga
- Vintervedlikehald
- Reiningsliner, graving i veg

#### Maskin:

- Åuka utnytting av maskinparken
- Service innkjøpsseksjonen, vegstasjonen
- PIDU
- Opplegg for reservesjåførar

#### Laboratoriet:

- Service til plan, anlegg og vedlikehald
- Kvalitetskontroll
- Mikromaskin

AV DRIFTSSJEF JANN. B. JENSEN

Som ein ser er det eit omfattande arbeidsprogram det blir lagt opp til, men dette er naudsynt

dersom vi skal utvikla oss i takt med disponibele leyvingar og krav frå samfunnet.

## Betre løn lokkar i oljeverksemda

Det kan og vera rett å peika på ein situasjon som er i ferd med å utvikla seg ved vegkontoret ut over i året 1985. Stadig fleire av våre dyktigaste folk ved vegkontoret sluttar og går over i langt betre avløna stillingar i oljeverksemda, i andre offentlege etatar eller til privat verksem. Dette er urovekkande av fleire grunnar:

— Ein viss gjennomtrekk i stillingane ved vegkontoret er både ynskjeleg og naudsynt, men

skjer dette i so stor grad og over så kort tid som vi har sett i den siste tida, medfører det store ulemper for det daglege arbeidet.

— Det er mange ting som tyder på at vi er i ferd med å koma i den same situasjonen som Rogaland vegkontor var i samband med utbygging av oljefelta i sørre delen av Nordsjøen i 70-åra. I så fall blir dette ein prosess som går over lengre tid.


## Leiarar og leiarskap

I ein artikkel i forrige nummer tok driftssjefen opp ein del sentrale problemstillingar innafor temaet leiring og leiarskapsfilosofi og oppmoda til ein debatt om desse spørsmåla. Dei synspunkta han fremja var så klårt formulerte at dei skulle kunne gje eit godt utgangspunkt for ein slik debatt. Men enno har ingen følt seg kalla til å taka opp hansken. Kva tyder så dei manglande reaksjonane? Er det full semje om desse problemstillingane, meiner ein ikkje temaet er viktig nok, eller er det slik at ein har si mening, men av ulike grunnar vel ein å teia? Spørsmålet om kva organisasjonsleiring vil seia, går langt vidare enn til berre å dreia seg om eigenskapar og kvalifikasjinar hjá personar i «leiarskillet» i snever tyding. I desse tider då personalplanlegging står på sakslista, burde det engasjera oss alle. Vi lar difor oppmodinga gå vidare — grip pennen og sei di meining!

Red.

# Veganlegg åpnet 1. halvår 1985

- Rv. 7 Parsell av Eidfjord—Brimnes
- Rv. 7 Bruravik—Granyin inkl Vallavik-tunnelen og Gullhammaren tunnel
- Rv. 14 Amalie Skrumsvei—Øyjorden inkl. Øyjordstunnelen
- Rv. 14 Øvre Ervik-Tertneskrysset inkl. Glaskaret tunnel
- Rv. 561 Ågotnes—Solsvik
- RV 564/14 Mjåtveit—Fosse
- Rv. 550 Velure—Grimo
- Rv. 568 Vågseid—Haugatun inkl. Lyngfjell tunnel
- Fv. 344 Kallestadsundet bru



Fra parsellen Vågseid-Haugatun i Lindås.



## Miljøtiltak

- E-68 Granvin sentrum
- E-68 Langebru Voss, utviding og fortau
- E-68 Trafikksikring Lone sentrum
- Rv. 14 Trafikksikring  
Natlandsveien/Hagerupsvei, vegkryss
- Rv. 552 Finnebukta, Os

— Avgangen har til no vore serleg stor i avdelingsleiarsjiktet. Dette kan tyda på at det ikkje lengre er so attraktivt å vere i leiarsjiktet ved vegkontoret som tidlegare. Løn og andre føremuner står ikkje i forhold til arbeidspress og frustrasjon over manglende forståing for kvardagens problem (administrasjonsbudsjett m.m.) frå sentralt hald.

Vi for vona at dette er ein overgang og at forholda vil stabilisere seg etter ei tid.

## Nye tillitsmenn i Hordaveg BIL

På årsmøtet 28/3 ble det foretatt valg som gav følgende resultat:

- |                  |                      |
|------------------|----------------------|
| Formann:         | Kjell Follesø        |
| Kasserer:        | Endre Grutle         |
| Oppmenn:         |                      |
| Fotball:         | Halldor Havsgård     |
| Håndball herrer: | Kurth Dalen          |
| Håndball damer:  | Sissel Fjæreide Wiik |
| Bowling:         | Kåre Herland         |

Friidrett: Egil T. Pedersen  
Ski/sykkel: Erling Pettersen  
Skyting: Halldor Havsgård  
Orientering: Leiv Haugland

Vegvesenansatt som er interessert i å være med på aktiviteter som drives i bedriftsidrettslaget, må kontakte de respektive oppmenn for nærmere orientering.

Ansatte på kontoret i Fyllingsdalen kan dessuten holde seg orientert om forskjellige trimitbid gjennom oppslag på Hordavegs tavle utenfor kantinen.

Hordaveg har p.t. ingen svømmegruppe. Eventuelle svømmeinteresserte kan imidlertid via idrettslaget delta i svømmetrim i noen av byens svømmehaller til sterkt reduserte priser. Sesongene følger her skoleåret. Ny sesong starter til høsten. Nærmore opplysninger/eventuell påmelding må skje via undertegnede.

**Kjell Follesø**  
**formann**

## Disponibele og medgåtte midlar i 1984 på riks- og fylkesvegar

	Til rådvelde	Tillatt overforbruk	Disponibelt	Bruk
Riksveganlegg	390.0	11.5	402.4	412.2
Fylkesveganlegg	48.1		48.1	42.9
Riksvegvedlikehold	132.6		132.6	132.9
Fylkesvegvedlikehold	74.5		74.5	74.1

Dei ekstraordinære sysselsettingsmidlane i Indre Hardanger utgjorde for 1984 kr. 17,6 mill. Midlane kjem i tillegg til disponibele/brukte midlar på riksveganlegg.

# Voss veg- og biltilsynsstasjon opna

**Med opninga av den nye veg- og biltilsynsstasjonen på Voss har servicetilbodet til distrikta i dei indre delar av fylket vorte vesentleg betra. Stasjonsbygget er pent og sjå til og funksjonelt i utforminga og ligg sentralt til i vakker natur på Bømoen.**

Bygget vart opna måndag 2. september og opninga vart markert med eit enkelt samkomme av innbodne representantar frå Voss kommune, forsvaret, som er grunneigar, trafikkkulane, transportnæringane og dei firma som hadde byggjeoppdraget. Til stades var, m.a. ordføraren i Voss, Peder Vangsnes, oberst Ole Børshheim på Bømoen, personaldirektør Båstad i Statens vegvesen og vegsjef Josef Martinsen. Entreprenørar og konsulentar vart takka for vel utført arbeid. Ein spesiell takk vart retta til ing. Torbjørn Lunestad, som har hatt ansvaret for å følgja opp byggearbeidet frå vegvesenet si side, og til den tidlegare biltilsynssjefen, Einar Valle, som har lagt ned mykje arbeid for å realisera det nye bygget.

Etter denne tilstellinga vart dørene opna for dei første kundane, og ute hadde det alt då donna seg ein liten kø av folk som ville nyta seg av tilbodet om gratis sjekk av bilen.

## Stort distrikt

Stasjonen vert i alt bemanna med 14 personar, 5,5 stilling på biltilsynet, 4 på vedlikehaldet og 4 på maskinavdelinga (lager og verkstad). Daglege leiari for biltilsynet vert stasjonssjef Halvor Heldal. Vegmester Magne Heggland har ansvaret for vedlikehaldet i distriket, medan oppsynsmann Ivar Vik vil ha den daglege leiinga av maskinvedlikehaldet.

I distrikta som sokner til den nye stasjonen er det omlag 540 km veg å halda vedlike for vegvesenet.



Det hadde danna seg ei liten kø av bilar foran kontrollhallen.

Dersom samanslåing av vedlikehaldsområda vert aktuelt, vert det i alt 750 km riks- og fylkesvegi det nye området.

Stasjonen vil og tena som maskinstasjon og lager for det same området.

Som biltilsynsstasjon skal stasjonen dekka alle dei funksjonane som Biltilsynet har, som førarkortprøvar, avgiftar, tilsyn med trafikkopplæringa og kontroll med kjøretøy og skal betjena kommunane Voss, Granvin, Ulvik, Modalen og Kvam med i alt rundt 30.000 innbyggjarar og 15.000 kjøretøy.

## Biltilsynet — eit serviceorgan


Både biltilsynssjef Egil T. Pedersen og stasjonssjef Halvor Heldal legg stor vekt på at Biltilsynet skal vera ein serviceinstitusjon — vi må stella oss slik at folk opplever oss som ein positiv faktor — ikkje som «busemenn». Sterkare vekt på råd og rettleiing i staden for refsing «peikefingarmentalitet» — slikt vil styrka tilliten frå publikum. Ein kan her visa til dei po-

sitive røynslene frå biltilsynet i Bergen, med fri bilsjekk utan mangellapp, eit tiltak ein vil halde fram med.

## Stasjonsbygget

Voss veg- og biltilsynsstasjon er oppdelt i tre bygg med overbygde gangvegar imellom. Kontorbygget er på 435 kvm + ein kjellar på 150 kvm og rommar kontorplassar for biltilsynet, teorirom, arkiv og fotorom. Der er vidare kontor for vedlikehaldet, maskinavdelinga og anleggssavdelinga. Det er også kantine og sentral/resepsjon. Kontrollhallen er på 191 kvm., ved sida av denne er det bygd ei overbygd bilvekt som er ope heile døgnet. Verkstad- og lagerbygget er på 388 kvm. Verkstaden skal verta nytta til reparasjoner og service på vegvesenet sitt materiell, medan lageret skal forsyne vegvesenet i distriket med delar og utstyr.

Arbeidet på bygget vart starta 14. mai 1984 og byggjetida har vore omlag 14 månader. Bygget har kosta omlag 10,5 mill. kr.



Fra venstre: Oppsynsmann Ivar Vik, Ing. Torbjørn Lunestad, stasjonssjef Halvor Heldal og vegmester Magne Heggland.

# Stor dag for Bergen

— og for  
vegvesenet!

Veg for  
150 mill.  
teken i  
bruk på  
Nordre  
innfarts-  
åre



Ordfører Arne Næss skjærer gjennom, godt hjulpet av vegsjef Josef Martinsen og fungerende fylkesmann Per Skulstad. Foto: E. Grønsdal

Torsdag 4. juli kl 13.00 vart dei nye partellane av Nordre innfartsåre til Bergen offisielt opna og tekne i bruk. Det er veginvesteringar for 150 mill. kr. som no byrjar gjera nytte for seg. Da-

gen markerar ein milepel i arbeidet for å skaffa betre trafikkavvikling og trafikktryggleik på ein av dei mest trafikkbelasta hovudvegane i landet.

## 4 felt og rundkøyring

Dei anlegga som no vert sett under trafikk består av, frå sør: 3 felts reversibel veg i Nye Sandviksvei, 2 nordgåande felt i den nye Munkebottstunnelen, og to sørgåande felt i den gamle Helleveien frå Sandviken Sjukehus. Vidare herfrå er det 4 felt nordover like til Eidsvåg-stunnelen.

I Åsane er det ny veg frå Øvre Ervik til Tertneskrysset med den 600 meter lange Glaskartunnelen og rundkøyring i Tertneskrysset.

## Landskapsplanlegging

Det er eit særskilt pent og velordna anlegg som no vert gjort ferdig. Det er satsa mykje på landskapsplanlegging for at anlegget skal passa godt inn i omgjevnaden — m.a. med mykje bruk av natursteinsmurar og planting langs vegen. Når denne delen av arbeidet er gjennomført vil veganlegget ganske sikkert stå fram som eit mønster og ein positiv faktor i miljøet.

## Opninga


Det var mykje fint folk til stades på opninga som gjekk føre seg ved inngangspartiet av Munkebottstunnelen, og hundrevis av tilskuddarar hadde samla seg på gangbru og vegar kring tunnelopninga.

Representantar frå sivile og militære styresmaktar var innbodne, og etter talar av vegsjef og ordførar, vart den rauda snora kutta av ordførar Arne Næss, assistert av konst. fylkesmann Per Skulstad og



Først slapp veteran bilene gjennom hullet...


...og så slapp de andre til.



vegsjef Josef Martinsen, som stilte kniv til disposisjon for ordføraren — At snora vart skore og ikkje klift, skulle symbolisera at ein no hadde greidd å «skjera gjennom». — Og det var vel i rett tid, etter som det no er omlag 25 år sidan planlegginga av denne innfartsåra tok til.

Etter marsjar av Divisjonsmusikken, talar og applaus, tok ein fatt på køyreturen langs den nye traséen — i veteranbilar med ordførar og vegsjef i spissen. Alle dei innbodne — og det var ikkje få — følgde etter i bussar — og det såg ut til at busseslkapet hadde funne fram til nokre veteranbussar, dei òg.

Turen til Tertneskrysset og attende gjekk raskt, og etterpå har det til gamle Bergen for servering av spekemat og rømmegraut og til underhaldning av «börgermeiste



Detalj frå anlegget: Busstopp v/Amalie Skramsvei.



Envegskjøring er nytt i Helleveien.




Frå venstre: Anleggsleiar Arild Hegrenæs, overingenørane Nils Aasbø og Magnus Natås, planavdelinga.

reni Gamle Bergen», Rolf Berntzen og av trioen «De Nystemte».

Det vanket takk og gratulasjonar til både vegvesen og andre offentlege etatar som har samarbeidd i dei kompliserte anleggsarbeida — og vegsjefen retta ein spesiell takk til planleggarane med plansjef Arild Eggen i spissen — som har kjempa for denne saka i ei årrekke — og ikkje minst til anleggssjefen, som med iherdig innsats har makta å gjera anlegget ferdig på rekordtid. Blomane frå kommunen til vegvesenet lot vegsjefen gå vidare til anleggsleiar Arild Hegrenæs.

### Rask gjennomføring

Arbeidet tok til i januar 1984, og gjennomføringa har soleis gått særskilt raskt etter at det endeleg vart gjeve klarsignal til å starta opp. Dette til tross for at sprengningsarbeidene har vært svært vanskelige med bustader og stor trafikk tett opp til arbeidene og med det innfløkte nettverket av kablar ledningar og røyr i gata. Dei som har trafikker i denne strekninga dagleg og har følgd med i arbeida har merka endringane frå dag til dag



Formannen i Samferdselsstyret, Sigurd Hille og plansjef, Arild Eggen.




Teiknarane Gina Kartveit (t.v.) og Kari Helle. Har vore med og jobba med innfartsåre-prosjektet.

### Generalprøva

Fartsgrensa er sett opp til 60 km/t på heile strekninga frå Nye Sandviksvei til Eidsvåg, og 80 km/t vidare til Tertneskrysset. Det er venta at nyanlegget vil gje ein merkbar betring av trafikktilhøva i morgen- og ettermiddagsrushet, og det var nok mange som var spente på korleis trafikken ville le seg utover ettermiddagen på opningsdagen. — No vart generalprøva ikkje særskilt vellukka! Etter nokre timer sto trafikken kubb langs heile vegen — men årsaka var eit uhell med ein lastebil



Og etterpå Bar det til Gamle Bergen.



De to Arild'ene, Eggen...



og Hegrenæs, får takk og blomster av vegsjefen.



Muringsarbeid ved Glaskartunnelen. Fra venstre: en privat maskinkjører, vegvesenets Mons Hauge og Kjell Mosevoll.




Legging av penetrasjonsdekke mellom Glaskaret og Tertneskrysset.

Foto: T. Opedal



inne i Eidsvågstunnelen, noko vegvesenet sjølv sagt ikkje kan lastast. Og dagen etter gleid det heile penare enn nokon gong. Fellesferien vert ei roleg tid, men når dette vert



«Stemninga var god rundt borda».

lese, vil ein nok veta meir om korleis anlegget ter seg i bruk.

— Men, som det vart peika på både av vegsjef og plansjef, så vil ikkje trafikktihøva verte fullgode

før Fløyfjellstunnelane vert opna — den eine i -87 og den andre i -88. Og etter den tid ventar nye oppgåver, ny Eidsvågstunnel og firefelts veg i Åsane.

# Nye vegar mot aust

*Opninga av Vallaviktunnelen gjev nye reiseruter over Hardangerfjorden.*

**Den 27. april vart den nye vegen mellom Granvin og Bruravik med den 7,5 km lange Vallaviktunnelen opna for trafikk. Samstundes vart 7 km ny veg opna på strekninga Velure — Grimo, og saman med omlegginga av ferjerutene gjev dette innsparing i reisetida både for dei som reiser over Haukeli og Hardangervidda og for dei som har lokale reisemål i Hardanger.**

## Veganlegget Granvin — Vallavik — Bruravik

Anlegget blei påbegynt sommaren 1980 med første tunnelsealve i Vallavik 16. oktober samme året, og på Granvinsida mai 1983. Det var gjennomslag i tunnelen 2. juli 1984. Tunnelen var då driven 5469 meter frå Vallavik, og 2042 meter frå Granvin.

## Tekniske data

Anlegget strekkjer seg over 13 810 meter. Av dette er 7710 meter tunnel og 6100 meter veg i dagen. Vallavik-tunnelen er 7511 meter og Gullhammartunnelen er 199 meter.

Parti frå den nye vegen mellom Vallaviktunnelen og Bruravik ferjeleie.

Foto: T. Opedal



## Eigenregi

Anlegget er drive i eigen regi med unnatak av opplasting og massetransport fra tunnelar og elektriske installasjonar i tunnelen. Mannskapsstyrken har variert mellom 12 og 50 personar.

Totalt er det sprengt 2000 salver, kvar på 200 m<sup>3</sup> fasi masse. Til dette har det gått med ca 800 tonn sprengstoff.

I tilknyting til tunnelanlegget er det drive eit knuseverk der ca halvparten av massane er knust til bukk og grus. Det meste av dette er nytta til vegoverbygningsmasar i andre delar av fylket.



Frå oppstillingsplassen på Bruravik.

Foto: T. Opedal

## Vallaviktunnelen — Hordalands lengste tunnel

Vallaviktunnelen, er berre 11 m kortare enn lengste tunnelen i landet i dag, Høyangertunelen i Sogn. Tunnelen, som no vert ein hovudnerve for trafikken til og gjennom Indre Hardanger, har god standard. Her er lys og ventilasjon, ei høgd på 4,5 m og to kjørebaner, kvar på 3 m.

Mellom Bruravik og Vallaviktunnelen er vegen bygd om til riksvegstandard, og på Granvin-sida er det bygd 2 km ny veg.

## Trafikksikring i Granvin

I Granvin sentrum er det også gjennomført trafikksikring, med fortau, gangvegar og kanalisering av trafikken, til 4 mill. kroner.

## Totalkostnad 173 mill.

Anlegget har totalt kosta ca 173 mill. kr. og det er delvis finansiert ved innkrevjing av bompengar på ferjene Bruravik-Brimnes og Kinsarvik-Kvandal, og ved bompengelåن, i alt 62,5 mill. kr. Med Vallaviktunnelen får trafikken som skal over Hardangervidda kortare reiserute. Dette er ein av grunnane til at vegvesenet no vil gjere freistnad på å utvide opningsstida for Rv 7 over Hardangervida haust og vår.

## Nytt alternativ: Utne - Odda

For mindre kjøretøy som skal til Odda eller følge E76 over Haukeli, vil no Rv 550 Utne — Odda vere eit betre alternativ enn før.

26. april vart den 7 km lange parsellen Velure — Grimo opna for trafikk. No er her ny veg mellom Utne og Velure, og fleire parti er også utbetra på vegen vidare mot Odda. Utbetringsarbeidet vil halde fram i åra som kjem. Arbeidet vert delvis finansiert av bompengar på ferjesambandet Kvanndal — utne, i tillegg til dei ordinære løyvingane.



Fleire nye vegkilometre mellom Odda og Utne. Foto: T. Opedal

## Omprioritering av ferjerutene

### Bruravik — Brimnes nytt hovudsamband

Med opninga av Vallaviktunnelen er ferjesambandet Bruravik — Brimnes blitt det viktigaste ferjesambandet i Indre Hardanger. Med berre 10 min. overfartstid vert sjølve ferjeturen minst 25 min. kortare enn ruta Kvanndal — Kinsarvik.


Sambandet Bruravik — Brimnes vil få god kapasitet og hyppige avganger, og ein reknar ikkje med lange ventetider.



Enno må ein køyra nokre mil på smal veg. Men det kan vera ein triveleg tur sommarsdagen. Foto: T. Opedal

Bolting i Vallavik tunnelen. Her vert tunnelen sikra mot steinsprang.

Foto: E. Grønsdal



Frå anleggstida.

Foto: E. Grønsdal



## Ferjesambandet Kvanddal — Utne — Kinsarvik

Kvanddal — Utne er no hovudlekk i dette sambandet. Ein del turar går til Kinsarvik av omsyn til tungtrafikk som kjem over Haukeli og lokaltrafikk mellom Utne og Kinsarvik, men det er ikkje lenger direkte rute mellom Kvanddal og Kinsarvik.

Overfarten Kvanddal — Utne tek 20 min.

Vi gjer merksam på at Rv 550 Utne — Odda er tillate for max. 8t takseltrykk og 15 m vogntoglengd for gjennomgangstrafikk.

### Nedkorting av reisetida

For tida er utbetttingsarbeid i gang på Rv 7 mellom Brimnes og Eidfjord, og siste tunnelen i Måbødalens kan opnast for trafikk sommaren 1986.

Når den nye vegen mellom Dale og Voss vert opna i 1992, vil trafikantane få endå større utbyte av vegen mellom Granvin og Bruravik.

Hovudruta austover frå Bergen vil då gå om Dale — Voss (sjå kartet), og for den delen av trafikken som skal over Hardangerfjorden vil reisetida bli korta kraftig ned.




*Samferdsesminister Johan J. Jakobsen klipper snoren for Vallaviktunnelen. Under ser vi t.h. for samferdselsministaren Normann Grønnsdal m/froe (3) og Knut Søllesvik m/froe. (4). Nederst: Ordf. Magnar Lussand i Granvin kunne godt ha tenkt seg eit anna namn på tunnelen (5). Ordførarane Lussand frå Granvin og Knut Nes i Ulvik gratulerer hverandre med dagen (6). Vegsjefen, ordførar Lussand og J.J.*




2



3



4



5



6



7

# Nye vegar mot

## aust ...siste

Det ligg no føre trafikktal for dei tre første månadene etter at Vallaviktunnelen og det nye rutemønsteret i Indre Hardanger vart teke i bruk.

Trafikken i sambanda Bruravik — Brimnes og Kvanndal — Utne — Kinsarvik syner ein au-

ke på nær 16.400 bilar eller 9% for månadene mai, juni og juli samanlikna med same tidsrom i 1984.

Trafikktala viser følgjande %-vis fordeling av den totale trafikken på dei einskilde ferjestrekningane:

## Suksess for Vallaviktunnelen og ferjesambandet Bruravik-Brimnes

Strekning	1985	1984
	Mai-juli	Mai-juli
Bruravik — Brimnes	65,8%	03,3%
Kvanndal — Utne	19,4%	10,8%
Kvanndal — Kinsarvik	12,5%	56,5%
Utne — Kinsarvik	2,2%	2,4%

Det er grunn til å seie seg godt nøgd med at heile 65,8% av trafikken i Indre Hardanger desse 3 månadene med stor trafikk har gått over hovudsambandet Bruravik — Brimnes. Etter trafikkomlegginga er også ventetidene for å kome over Hardangerfjorden sterkt redusert for dei trafikantane som har nytta seg av hovudrute Bruravik — Brimnes og Kvanndal — Utne.

Dette er også grunn til å tru at det framleis er mange trafikantar som ikkje er merksame på dei store endringane som har funne stad i Indre Hardanger i år. Årsakene til dette kan vere fleire. Mange reiser truleg enno Kvanndal — Kinsarvik av gammal vane, med gamle kart og av mangel på informasjon.

## Bompenger — ikke noe nytt fenomen

Mange er av den oppfatning at bompenger er et relativt nytt fenomen når det gjelder finasiering av det offentlige vegnettet. Følgende lille klipp skulle med all tydelighet vise at bergensene har lange tradisjoner på dette området. Klippet er hentet fra «Søndre Bergenhus Amts Veivæsen», forfattet av Ingeniør Hans Seip og «trykt paa Amstets bekostning» i 1912:

### Aarstad

Den nuværende hovedvei, som fra Fane fører gjennom Aarstad til Bergen blev anlagt i aarene 1860—1863. Tidligere gik hovedveien paa nordsiden av store Lungegaardsvandet. Den gamle hovedvei blev nedlagt som saadan (kgl. res. 25/4 1863) og optatt som bygdevei, idet dog Bergens by (ved besl. av 1/4 1864) overtok vedlikeholdet inden det davaerende Domkirken landsogn (Bommen—Fløen), som siden er indlemmet i byen. Før 1860 førte en bygdevei fra Fjøsanger i Fane gjennem Solheimsviken til Bergen.

Denne blev nedlagt, da hovedveien blev bygget. Broen over Nygaardsstrømmen var i 1851 opført av et interessentskap, som opkrævet broavgift til dekning av bygnings- og vedlikeholdelsesutgifter. Broen blev indløst av hovedveisanlægget, da dette blev bygget, men interessentskapet hadde ret til at opkræve avgift til 18/7 1870. Siden den tid har passagen været fri.

VEGD BIBLIOTEKET

PB 8109 DEP  
1010 OSLO 1

MASSEKORSBÅND

GOD HØST!

